



Tru:Ø

Velkommen til Babysong



Kjelde: www.kyrkja.no

Velkommen!



Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samvær i Lykling kyrkje. Me møtest annakvar måndag kl.11.00 og avsluttar med å eta lunsj saman. Song og musikk er viktig for babyen, og di stemme er den finaste babyen veit.

Kyrkja er open kl. 10.30 – 12.30

Songstund kl.11.00 – 11.30

Me serverer lunsj og har kaffi, varm sjokolade og te.

Det vert babysong desse måndagane våren 2019:

14. januar

28. januar

11. februar

11. mars

25. mars

08. april

06. mai


20. mai

Kva er Babysong?

Babysong er ei songstund der me samlast i ring på golvet i kyrkja. Songstunda varer ca 30 min, og den inneheld blant anna namnesong, kristne songar, rim og regler og dans. Me varierer mellom å sitja og liggja på golvet og å stå og dansa i ring.


Songstunda er eit godt høve for foreldre til å få kontakt med babyen, difor ønskjer me minst mogleg snakk mellom foreldre i denne stunda. Me brukar tida før og etter til prat.

Songstunda har eit fast program.





Bilete frå Babysong



STØRST AV ALT



Meir om Tru:Ø Babysong

Kva vil me med babysong?

- Formidla eit positivt Gudsbilete
- Tilby eit kristent nettverkknypunkt mellom heim og kyrkje.
- Medverka til positiv kontakt mellom barn og vaksne ved å stimulera dei vaksne til å syngja med barna sine.
- Stimulera barnet si språklege, musikalske og motoriske utvikling.
- Utvikla barnet si oppfatning av rom og kropp.
- Formidla ein variert songskatt.
- Utvikla sosialt fellesskap for barna og dei vaksne.

Tilbodet er for alle babyar mellom 0 og 1 år.

Venleg helsing Lykling kyrkjelyd

Bømlo Kyrkjelege Fellesråd
Leirdalen 1, 5430 BREMNES
Telefon: 53 42 32 86
Epost: liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no

Kva er Tru:D?

Dåp og opplæring høyrer saman. Foreldre, fadarar og kyrkjelyd har eit felles ansvar for at barna skal få leva og veksa i trua. Difor har kyrkja tilbod om trusopplæring. Tru:D er for barn og unge i alderen 0 – 18 år.

Kvart år vil barna få invitasjon til eit Tru:D – arrangement. Tru:D har innhald og aktivitetar tilpassa den enkelte aldersgruppa.

Trusopplæringa er eit tilbod til alle, uavhengig av funksjonsevne. Me er avhengige av at foreldre tek kontakt slik at me kan avtala tilrettelegging der det trengs.

Velkommen til Tru:D med barna!